

KFUK-HJEMMET

MÅNADSHELSING

Februar 2019

Norsk KFUK, 52 Holland Park, W11 3RS
www.kfukhjemmet.org.uk/+442077279346

Kvardag

Det er glatt på trappa utanfor, kulda har teke seg godt til rette og det er vinter i London. I finstova her på KFUK-hjemmet sitt både fastbuande, eittåringane og gjestar og kosar seg med heimelaga kanelbollar og ein merkar tydeleg forskjell frå eit halvt år tilbake. Stemninga er god og rommet er fylt med latter og glede. Folk er trygge på kvarandre og har funne sin plass i kvardagen på KFUK-hjemmet. Dette gjeld ikkje berre dei fastbuande, men også eittåringane.

Det tok tid før eg klarte å definere kvardagen min, men utover hausten følte eg meg heime i byen og kjende meg stadig tryggare på KFUK-hjemmet. Då desember kom, byrja dei fastbuande å reise heim og etterkvart reiste halve staben heim. Anna, Anna Kristina, Tonje, Anne og eg var igjen på K. Etterkvart kom både julefreden til «K», og familien min kom for å feire jul med meg her. Etter ein lang november måned, med ein del regn og mørke dagar vart desember ein fantastisk måned med eit viktig fokus. I Johannes 1:9 står det skrive at «Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.»

Etter ei fantastisk julefeiring og fokus på Jesus som verdas lys, reiste eg heim til Noreg på juleferie. Eg hadde ei fredfull og fantastisk tid heime, men kjende etterkvart at saknet av KFUK-hjemmet og staben var stort og såg fram til å komme heim til kvardagen på «K». Julefreden var framleis til stades når eg kom tilbake og vi har hatt ein roleg og annleis måned på KFUK-hjemmet.

Februar har så vidt starta og eg merkar allereie at vi er på veg inn i kvardagen igjen. Det er framleis mørkt store delar av døgnet, men etter ferien heime og å ha kjent på saknet etter staben i London, og etter påminninga om at Jesus er lyset, vel eg å endre fokus i det nye året. Eg vil leve i nuet, verdsette dei eg har rundt meg, sjå dei små gledene og vere eit lys for andre.

Eg håpar du ynskjer det same!



Matilde, eittåring





Ledige stillinger ved KFUK-hjemmet

Husøkonom/assisterande leiar

Har du lyst til å vere med og drive huset vårt?
Skape eit godt miljø for våre fastbuande og gjester? Halde det reint og ryddig? Delta i leiartreninga og vere mentor for eittåringane?

Høyres dette interessant ut? Les meir på www.kfukhjemmet.org.uk/ledig-stilling/

Søknadsfrist: 10. februar.

Eittåringar 2019/2020

KFUK-hjemmet søker etter engasjerte, arbeidsamme, utadvendte og sjølvstendige ungdommar til 6 eittåringsstillinger med oppstart ca. 1. juli 2019.

Høyres dette ut som noko for deg eller nokon du kjenner?
Les meir på www.kfukhjemmet.org.uk/ettaring/

Søknadsfrist: 20. februar.



Ynskjer du å få litt
meir innblikk i korleis
det er å vere eittåring?

Følg årets eittåringar
på instagram under
namnet **@skjera.k**

Kva har skjedd på K?



Julefeiring

Julafta blei feira med fulle stover på K! Dette året var vi meir enn 30 stk. rundt bordet. Gudstjeneste i sjømannskyrkja, pinnekjøtt, juletrengong og leikar stod på programmet. Vi hadde mange gjester på huset desse desemberdagene, og både små og store bidro til eit flott fellesskap og mykje god stemning.

Takk til alle som var til stades og feira jul på KFUK-hjemmet og velkommen til jul hos oss neste år!

Nyttårsfeiring

God stemning og godt fellesskap var det også på nyttårsafta. Etter servering av kalkun og karamellpudding stod pakkeleiken på programmet, til stor begeistring for alle aldre. Frå Primrose Hill fekk vi panoramautsikt til fyrverkeriet.

Kanskje du skal invitere nokon med deg til London neste nyttårsaften?



PROGRAM Februar

TORS DAG 14. FEBRUAR – VALENTINE'S DAY, SOSIAL KVELD PÅ HUSET

ONSDAG 20. FEBRUAR - KVELDSTANKAR/TED-TALK I FINSTOVA 20.00



KFUK-HJEMMET – BÅDE HJERTEROM OG HUSROM

Middagsmeny FEBRUAR 2019

Fredag	1.	Nachos
Laurdag	2.	Graut
Søndag	3.	Korma
Mandag	4.	Spinatsnurrar
Tysdag	5.	Steikt fisk med lauk, potet og gulrøter
Onsdag	6.	Squash- og aubergineform
Torsdag	7.	Selmas suppe med focaccia
Fredag	8.	Gulrotpizza
Laurdag	9.	Graut
Søndag	10.	Sitronkylling
Mandag	11.	Wok med spicy kjøttdeig og nudlar
Tysdag	12.	Fiskeburger
Onsdag	13.	Tabbouleh Salat med falafel
Torsdag	14.	Gulrotsuppe
Fredag	15.	Enchiladas
Laurdag	16.	Graut
Søndag	17.	Kylling i ovn med grønnsaker
Mandag	18.	Meksikansk gryte
Tysdag	19.	Fiskepinnar
Onsdag	20.	Chilaquileform
Torsdag	21.	Grønnsaksuppe med focaccia
Fredag	22.	Pizza
Laurdag	23.	Graut
Søndag	24.	Koteletter
Mandag	25.	Haustgryte
Tysdag	26.	Fiskebollar
Onsdag	27.	Bakt potet
Torsdag	28.	Tagliatelle med sopp- og spinatsaus

Velkommen til middag på K!

Middagen er kl. 17.30 – 18.15 måndag til fredag og kl. 17.00 – 17.45 på laurdagar og søndagar. Gi beskjed innan kl. 12.00 same dag om du ynskjer middag. Middag er inkludert i prisen når du bur på huset, for eksterne gjester kostar den £7.